## Nysteikte brød på Rabben

11.07.2013



Marit Langballe med brød - no på Rabben

**Martabu har ikkje ope denne sommaren, men fortvil ikkje: Frå sundag klokka 9 kan du få kjøpt nysteikte brød på Rabben Feriesenter og det er ikkje vanlege brød, men brød baka av Marit Langballe i omnen hennes på Skorpo. Dei har vore ein suksess i tidlegare år då dei vart selde på Martabu.**

Rabbenvert Magne Heggøy er glad for dette nye tilbodet og håpar Marit får godt sal. Han har ellers grunn til å vera fornøgd med belegget no midt i turistsesongen. Det er fullt på alle hyttene og slik held det fram gjennom heile juli.

Også dei 5 eldre hyttene som Heggøy har restaurert er populære. No står det att restaurering av 2 hytter.
Rabben-veteran, tyske Siggi Klemm er på plass - denne gongen

med 10 feriegjestar.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen